

Til Sentralstyret
Kopi Landsstyret
Dato 4. mai 2021
Fra Pauline Tomren, Internasjonal kontakt

grønn
ungdom

REFERAT FRÅ SST-9-21

Møtedato: Tysdag 4. mai 2021

Møtested: Zoom

Møtetid: Kl. 18-20

Skolering ved Isa Maline Isene (LNU) kl. 17.00 om organisering av kvardagen for sentralstyremedlem før møtet. Møtet blei tatt opp.

Tilstede	Hulda Holtvedt	Talsperson
	Teodor Bruu	Talsperson
	Miriam Langmoen	Generalsekretær
	Pauline Tomren	Internasjonal kontakt
	Christine Evjen	Sentralstyremedlem
	Tobias Stokkeland	Sentralstyremedlem
	Jørgen Narvestad Anda	Sentralstyremedlem
	Peter Struthers	Sentralstyremedlem
	Miriam Akkouche	Sentralstyremedlem

Frafall	Sigurd Sønsteli	Sentralstyremedlem
	Elisabeth Udjus	Sentralstyremedlem

Gjester	---	---
---------	-----	-----

Saksliste

Møtet starta kl. 18:02

086 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak (*Vedtak i rosa*):

Inkallinga blir godkjent.

Votering

Antall stemmeberettigede: 9

087 Valg av ordstyrar og referent

Christine Evjen ble valgt til ordstyrer og Pauline Tomren til Referent

088 epostvedtak sidan sist

Miriam L orienterer om at det har vore to epostvoteringar sidan sist

1. Instilling til redkom. 9 for 1 mot og 1 avhld.
2. Sjå eige referat (B-sak)

089 Status fylkeslag

Miriam L orienterer på vegne av fylkeslaga:

Innlandet sin drive-mappe er blitt sletta ved eit uhell og det jobbast med å finne referat og budsjett frå tidelgare år. Innlandet skal ha ekstraordinært årsmøte til helga.

Elles er det lite å orientere om utover det som blei nemnt på LS.

090 Orienteringsrunde

Alle SST-medlemer orienterer om kva dei har jobba med sidan sist (3.5 min)

Jørgen:

- Har laga webinar for frihandel som skal vere på torsdag
- Har jobba med mangfaldsgruppa si spørjeundersøking
- Opplever at det går litt treigt i det politiske utvalet og at det er lite framdrift. Mange der som har det travelt.

Peter:

- LS-førebuande for innlandet (3 møtte opp) og det gjekk bra
- Deltatt på LS
- Gjort webinargruppearbeid og skal leie webinargruppa medan Sigurd tar fri
- Han skal vere ordstyrar på Innlandet sitt årsmøte til helga

Tobias:

- Det politiske utvalet har sendt ein resolusjon til LS
- Har hatt ein skoloring for Innlandet om korleis skrive eit godt lesarinnlegg
- Han har vore valkomité til ekstraordinært årsmøte i Agder.
- Elles har han gjort litt kosegruppe-ting og har mykje med eksamen

Hulda:

- Har jobba mykje med kronikkskriving og media og for å få på saker med ungdomskandidatane
- Jobba med materiell i komgruppa
- Har jobba med debattskulering
- Skal ta fri neste veke for å førebu seg til eksamen.

Teodor:

- Har brukt mest tid på oppfølging av ungdomskandidater
- Har jobba ien del i kommunikasjonsgruppa
- Har hatt innspurt i politisk utval for migrasjon og utvikling
- Har hatt foredrag for Vestfold og Telemark
- Var på SST-møte med MDG

Miriam A:

- Har ferdigstillt alt som har med GULM å gjere

- Vore på møte med Global Young Greens om COP
- Det er roleg i det politiske utvalet på grunn av eksamensperiode

Pauline:

- Jobber med FYEG GA
- Har deltatt på FYEG COP-delegasjonsmøte
- Har jobba med vennskapslagsprosjekt mellom fylka i Noreg og Sverige
- Planlegging av somarleir på Åland går bra
- Har jobba med webinargruppa og mangfaldsgruppa, og det går bra

Miriam L:

- Har gjort mykje samband med førebuing til GULS
- Hjulpe mangfaldsstrategi-gruppa med personvern
- Deltok på samling for tilsette i MDG
- Har begynt å planlegge aksjonshelga
- Jobber med implementering av dei etiske retningslinjene som blei vedtatt på LS
- Jobber saman med MDG om å anmelde grov hets og trugslar mot medlemmer

Christine:

- Starta med frikjøp på måndag og jobber 100% med GU no
- Komgruppa har jobba med å få klart materiell.
- Har laga eit innlegg om homoterapi som slo godt an i SoMe

091 Oppdatering om Covid-situasjonen

Miriam L (gensek) orienterer om Covid-situasjonen: Mykje av det samme som ho orienterte om på LS gjeldt framleis.

Om å invitere svensker frå søsterparti i valkampen:

- Kan hende det går an å invitere folk, men det kan bli vanskeleg fordi unge er lågt prioritert i vaksinekøane. Svenskane bør kunne sette av to veker kor mesteparten av tida blir i karantene.

Om gjennomføring av halvtårsevaluering:

- Miriam har booka hytte til halvtårs, og satser på at det skal gå og bli lov med 11 personer samla på ein plass innan da.

Pause kl. 18.43-18.48

092 Evaluering av GULS-2-21

Vi tok ei runde kor alle fekk 3 min kvar. Etterpå var det fri innteikning. Innspela blei notert ned.

Pause kl. 19.19-19.24

094 Evaluering av MDGLM 2021

Miriam Akkouche orieterer.

Moment som blei tatt opp frå SST:

LM blei veldig bra gjennomført. Mykje av politikken vår blei vedtatt.

Litt konstruktive innspel frå SST:

- Vi skulle ha plan for å kvalitetssikre innlegg, men det blei ikkje gjennomført
- Det burde vere fleire konkrete arbeidsoppgåver til dei i SST som ikkje var delegater
- Vi burde tenke meir strategisk kring kva for saker vi prioriterer og legg inn innsatsen på

Votering

Antall stemmeberettigede: 9

	For	Mot	Avholdende	Resultat
F1	9	0	0	Vedtatt

F1: Sentralstyret tar saken til orientering

093 Plan for materiel

Christine Evjen orienterer om plan for materiel: Både opplagg og utsjånad. Ho sender ein epost for å be om innspel på eit av klesplagga.

Møteslutt kl. 19.50, etterfulgt av møtekritikk